



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

01.02.2023

Vår ref:

2022/17244

Dykkar dato:

Dykkar ref:

202115667

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om konsesjon for å byggje Døsjagrovi kraftverk i Luster kommune

Statsforvaltaren vurderer at bygging av Døsjagrovi kraftverk kan gjennomførast med akseptable verknader for naturmiljø og friluftssintesser, føresett krav om avbøtande tiltak. Vi tilrår at minstevassføringa i sommarperioden blir heva noko.

Vi viser til oversending 14.12.2022 som gjeld høyring av konsesjonssøknad for Døsjagrovi kraftverk.

Omtale av søknaden

Det er planlagt inntak på kote 740,5, innløp til kraftstasjonen på kote 97, og utløp i Døsjagrovi på kote 8 (eit alternativ 2 har avløp i bekk like ved kraftstasjonen). Påverka elvestrekning er 2,1 kilometer. Slukeevna er om lag to gongar middelvassføringa. Planlagt minstevassføring er 0,75 x 5-persentilen i sommarperioden, og tilsvarende 5-persentilen i vinterperioden. Estimert årleg energiutbytte er 16,8 GWh. Ei utbygging vil bidra til å nå målet om meir grøn energi.

I dag er det tre mikrokraftverk i vassdraget. Hellesetvatnet er regulert med HRV på kote 1115, og det er kraftverksinntak både på kote 740, kote 450 og kote 105. Det nye prosjektet skal i størst mogleg grad nytte eksisterande inngrep ved å bruke inntaksdammen på kote 740, og hovudsakleg leggje røyrkata i dei gamle røyrtraséane. Delar av søknaden er basert på søknaden som låg til grunn for vassdragskonsesjonen frå 2014 som ikkje lenger gyldig.

Det er planlagt å forsterke og tette eksisterande murdam med ei betongplate på oppstraums side. Damhøgda blir om lag tre meter til overløpet, med ytterlegare 0,85 meter til topp for flaumsikringa. Vassvegen vil i stor grad følgje røyrtraséane til dei gamle kraftverka. Det må ryddast i både naturskog og hogstfelt av gran. Traséen vil bli tilbakeført og revegetert. Avløpsrøyrret frå kraftstasjonen tilbake til Døsjagrovi på kote 8 blir om lag 330 meter. Det er planlagt støydempende tiltak i kraftstasjonen. Eventuell overskotsmasse skal plasserast i naturlege søkk langs røyrkata. Eksisterande vegar skal nyttast som tilkomstvegar, men det vil bli laga mellombels tilkomst frå desse der det er nødvendig. Det er ikkje planlagt massetak eller deponi. Det skal installerast ein transformator i kraftstasjonen, og leggjast 115 meter jordkabel til næraste koplingspunkt.

E-postadresse:
sfvpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Vår vurdering

Naturmiljørapporten er basert på feltarbeid 3. juni 2021. Dette er eit godt tidspunkt for naturkartlegging, då det òg vil fange opp kartplantteblomstring. Det ville òg vore eit godt tidspunkt for å kartleggje hekkande fuglar, men det er ikkje utført noko kunnskapsinnhenting om fugl utover eksisterande databaseinformasjon. Samla konsekvens av utbygginga er vurdert til noko negativ, då heile området er prega av eksisterande inngrep, og belastninga berre vil auke i mindre grad.

Ellevassmassar er ein raudlista naturtype (nær truga – NT). Døsjagrovi har dårleg tilstand i dag på grunn av dei eksisterande utbyggingane, og det nye prosjektet vil redusere tilstanden ytterlegare. Det er ikkje registrert raudlisteartar som vil bli negativt påverka av ei utbygging. Kartlegginga viser at lav- og mosefloraen allereie er noko prega av meir tørketolerante artar, og eit ytterlegare vassuttak vil på sikt truleg føre til at fuktlevjande artar blir utkonkurert av meir tørketolerante artar. Ein rik edellauvskog mellom Døsjagrovi og planlagt røyrgate vil ikkje bli påverka av tekniske inngrep.

I innspelet vårt datert 5.3.2008 i høyringa av utbyggingsplanane som fekk konsesjon i 2014, vurderte vi at utbygginga var noko konfliktfull, men at planane ikkje råka nasjonale og regionale interesser i avgjerande grad. Naturmiljørapporten i søknaden for det nye kraftprosjektet tilseier at denne utbygginga heller ikkje vil få avgjerande konsekvensar for viktig naturmiljø, føresett vilkår om minstevassføring og moderne avbøtande tiltak. Vi reknar med at vurderinga vår i 2008 òg er dekkande for friluftsinteressene. Utbygginga vil nytte eksisterande vassdragsinngrep og vegnett, og røyrgate og tilkomstvegen til inntaket vil bli tilbakeført og stelt til att. Ei utbygging vil auka dei negative konsekvensane i høve til tilstanden i dag, men vil òg gi eit relativt høgt årleg energiutbytte. Vi minner om at nye inngrep som kan føre til at miljømåla for vassførekomstar ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir forringa, skal vurderast etter § 12 i vassforskrifta.

Vi legg til grunn at alle tiltak blir planlagt med minst mogleg nye inngrep i natur og dyrka mark, at det blir stilt krav om god terrengtilpassing for alle anlegg, og at området blir stelt til att etter moderne prinsipp. Planlagt slukeevne på om lag to gonger middelvassføringa er på vanleg nivå for småkraftverk som har fått konsesjon dei seinare åra. Avbøtande minstevassføring er differensiert mellom sommar og vinter, og er til ein viss grad tilpassa det naturlege vassføringsregimet i indre Sogn. Det er friluftsinteresser knytt til elvestrekninga, og det er indikasjonar på at vasstilknytt flora er påverka av dagens kraftverksdrift. Vi reknar òg med at fugleartar som fossefall, strandsnipe og vintererle kan hekke, eller i alle fall drive næringssøk, ved/i elva. Ut frå dette bør det vurderast å heve minstevassføringa om sommaren til 5-persentilnivå. Det skisserte hovudalternativet med kraftverksavløp direkte i elva vil vere å føretrække, sidan det vil gi eit naturleg elveutløp i fjorden.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plassert slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdier.

Vi viser elles til forureiningslova § 7 med generelle reglar om å unngå forureining.

Med helsing

Silje Elvatun Sikveland
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Luster kommune

Miljødirektoratet

Vestland fylkeskommune

Postboks 77

Postboks 5672 Torgarden

Postboks 7900

6866

7485

5020

GAUPNE

TRONDHEIM

BERGEN